

Løpe-nr.	Oppslagsnr.	Namn i off. bruk / forslag	Vedtak	Namneobjekt	Merknader
1	1088734	Espholen / Espeholen	Espholen	Haug	<p>Uttale: /Esp'o:len/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling.</p> <p><u>Skrifttradisjon</u>: For haugen (løpenr. 1): Fylkesarkivet si namnesamling har Espholen som normert form.</p> <p>For bruksnamnet på bruk 29/5 (løpenr. 2): Aspholen i 1907-, 1950-matrikkelen og i gjeldande matrikkel. I bygdeboka Nordfjord fraa gamle dagar til no i utgåva frå 1932 er namnet skrive Esphølen på s. 261 og Osphola på s. 266. I utgåva frå 1973 er Aspholen brukt.</p> <p><u>Høyringsvar</u>: Amund Mork, som bur like ved, skriv at det alltid er Espholen som vert brukt av lokalkjende, og at namnet vart skrive Espholen i ei tinglyst frådeling frå 1938. Førelekken Esp- reknar han med at kjem av ei fleirtalsform av ordet osp i dialekten. Ospholen ser han på som feil skrivemåte. Uansett skrivemåte meiner han at namnet ikkje bør brukast som del av eit adressenamn, sidan det er eit snevert og lite kjent namn. Rasmus Guddal skriv fylgjande: "Namnet på kula bak byggjefeltet har folket på Fosnes alltid kalla Espholen (ei osp fleire espe)." Han meiner til liks med Mork at eit anna namn bør brukast ved adressering. Nils Dårflot vil òg ha skrivemåten Espholen, og han skriv òg at fleirtalsforma av trenemnet osp er "esper". Han ynskjer òg Espholen som adressenamn. Kommunen støttar innspela om Espholen.</p> <p><u>Tilråding</u>: Språkrådet tilrår skrivemåten Espholen. Dei peikar på at høyringspartane ser ut til å vera einige om at namnet primært gjeld ein haug, og at namnet vert uttalt med e- /è/ i fyrste stavinga, jf. uttaleforma /Esp'o:len/ i Fylkesarkivet si namnesamling.</p> <p><u>Vurdering</u>: Sjå nedanfor.</p>

1	1088734	Aspholen		Haug	<p><u>Vurdering:</u> Førelekken i namnet kjem venteleg av ordet *espi n. 'ospeskog', jf. Norske Gaardnavne 12, s. 4, medan etterlekken er ordet hol m. 'låg haug', noko som høver med lokaliteten. Ut frå opphav, tyding og uttale er Espeholen eller Espholen dei mest aktuelle skrivemåtane, medan Aspholen er ei feilnormering, truleg basert på ei antaking om at førelekken går beinveges på trenemnet osp/asp, noko som ikkje stemmer. Sidan den siste e-en i Espe- fell bort i dette namnet ved elisjon, og Espeholen ikkje har skrifttradisjon, er det rom for å fastsetja skrivemåten Espholen, som er ynskt lokalt, jf. pkt. 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen." Espholen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p>
2	1079996	Aspholen / Espholen / Ospholen	Espholen	Bruk 29/5	Jf. løpenr. 1.

3	313367	Avlein / Aflein	Avlein – i samansetningar: Avlei-	Gard 85	<p><u>Uttale:</u> /a:`vlei/, jf. bokverket Norske Gaardnavne, /"a:vlai/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. I seterlistene frå 1930-åra står det at bygdefolket seier "Avlei". Heradsregisteret har registrert uttalen /a:`vlæi/, i genitiv (sj.) /te a`vless/. Ottar Åbrekk, grunneigar på bruk 85/6 mfl., skriv i eit høyringssvar at i daglegtale vert Auflem mest brukt om området der gardsbruka ligg, men ein del brukar òg Avlei. Arne Sandnes, grunneigar på bruk 85/1, skriv at dei i daglegtale seier Avlei. Norske Gaardnavne fører opp *Afleinar som gamalnorsk form, av prep. <i>av</i> og <i>lein</i> f. 'skråning'.</p> <p><u>Skriftradisjon:</u> Aflein i 1886- og 1907-matrikkelen, Auflem i 1950-matrikkelen og i gjeldande matrikkel, Avlein i Norge 1:50 000 frå 1972, 1973, 1995, 1996 og 2009, Avlein i bygdeboka Nordfjord fraa gamle dagar til no i utgåva frå 1932, Auflem i utgåva frå 1973, Avlein i Strynesoga 1 (2022). Av eldre skriftradisjon står fylgjande nemnt i Norske Gaardnavne: i Afleinum (1340 (etter avskrift frå 1588), i Aflæinum og i Afleinum (ca. 1360), Aflein, Afleinar (1427 og 1463 (etter seinare avskrift) og ca. 1490), Afflynne og Afflyndhe (1520), i Afflum (1522), Afflin (1555, etter avskrift frå 1599), Aufflem (1563), Aulim (1567), Afflim (1603), Aufflim (1608), Auflimb (1667), Auflem (1723).</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Ottar Åbrekk, grunneigar på bruk 85/6 mfl., skriv at i daglegtale vert Auflem mest brukt om området der gardsbruka ligg, men ein del brukar òg Avlei. Han meiner at det er unaturleg å kalla området og gardane for Avlein. I staden ynskjer han at Avlei eller Auflem vert brukt. Arne Sandnes, grunneigar på bruk 85/1, skriv at dei i daglegtale seier Avlei og skriv Auflem. Han meiner Auflem bør brukast som skrivemåte, og at noko anna ville vera unaturleg. (framh.)</p>
---	--------	--------------------	--	---------	--

3	313367	Avlei		Gard 85	<p><u>Høyringsvar (framh.):</u> Kommunen støttar innspela om Avlei/Auflem. I brevet der kommunen tok opp namnesak for namnet, opplyser dei at namnenemnda meiner at "n" ikkje skal vera med i samansett form i -lein-namna.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet reknar Avlei som den munnleg nedervde uttalen, medan den andre uttaleforma Auflem må vera skriftpåverka. Dei finn ikkje noko etymologisk forsvar for skrivemåten Auflem, og peikar på at etterlekken -lein kjem av hokjønnsordet lein 'hall, skråning i landskapet'. Dei finn etymologisk grunnlag for skrivemåten -lein, men sidan uttalen er utan n, tilrår dei Avlei.</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten Auflem ligg langt unna både det språklege opphavet og den nedervde, lokale uttalen, og samsvarar ikkje med hovudregelen i lova, som seier at ein ved fastsetjing av skrivemåten skal fylgja den nedervde, lokale uttalen. Skrivemåten Af- i Aflein, som er brukt i 1886- og 1907-matrikkelen, har heller ikkje grunnlag i den nedervde uttalen. Den mest uttalenære skrivemåten som i vesentleg grad er brukt i skrift, er Avlein, som har ein betydeleg skrifttradisjon både i kart og gjennom bruken i bygdebøker. (framh.)</p>
---	--------	-------	--	---------	---

3	313367	Auflem		Gard 85	<p><u>Vurdering (framh.):</u> Som Språkrådet peikar på, kjem etterlekkene av ordet lein 'hall, skråning'. Punkt 1 i dei utfyllande reglane fastset at lokale dialektformer kan brukast meir i førelekkene enn i etterlekkene: "Lokale former kan nyttast meir i førsteleddet enn i sisteleddet i samansette namn (t.d. Stylfjellet, men Fillstølen)." I gardsnamn finst det i liten grad tradisjon for reine dialektskrivemåtar av etterlekkene av namna. Tilsvarende tilfelle der endingskonsonanten er nasalisert bort finn ein i gardsnamn som t.d. Undheim /ó`nnei/ og Kvasshheim /kva`ssei/ i Rogaland, og der held ein likevel på endingskonsonanten i skrift i samsvar med skriftspråket elles. Dette dialekttrekket med bortnasalisering av endings-n finn ein òg i andre gardsnamn i Stryn, t.d. i Skarstein /ska:`rstei/ på vestsida av Oldebukta, og det bør handterast likt i ulike namn innanfor same dialektområde. Når ein slik avvikande skrivemåte -lei i Avlei heller ikkje har vesentleg skriftradisjon i lokallitteraturen, og skrivemåten kan skyggja for meiningsinnhaldet i namnet, verkar det ikkje tilrådeleg å innføra ein ny skrivemåte av dette gards namnet. I avleidde namn kan det likevel vera rom for ein skrivemåten Avlei-, t.d. Avleifjellet og Avleivika. I slike namn finst det ein reell skriftradisjon for Avlei- i samsvar med uttalen, og i samansetningar kan ein i tillegg finna støtte for ein n-laus skrivemåte i pkt. 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen."</p> <p>Avlein vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 1 fyrste ledd og § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn. Namnet får skrivemåten Avlei- i samansetningar, jf. punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p>
4	(i matr.)	Auflem	Avlein	Bruk 85/1	Jf. løpenr. 3.
5	(i matr.)	Auflem	Avlein	Bruk 85/2	Jf. løpenr. 3.
6	(i matr.)	Auflem	Avlein	Bruk 85/3	Jf. løpenr. 3.
7	(i matr.)	Auflem	Avlein	Bruk 85/4	Jf. løpenr. 3.
8	(i matr.)	Auflem	Avlein	Bruk 85/5	Jf. løpenr. 3.
9	(i matr.)	Auflem	Avlein	Bruk 85/6	Jf. løpenr. 3.

10	(i matr.)	<i>Auflem</i>	<i>(går ut)</i>	Bruk 85/109	Namnet fell bort frå eigedomen, dette er ikkje eit nedvert namn her.
11	313326	<i>Avleinsfjellet / Avleinfjellet / Avleifjellet</i>	Avleifjellet	Fjell	<p><u>Uttale:</u> /a:ˈvlifjeˈljə/ el. /a:ˈvlæifjelˈjə/, jf. heradsregisteret (1946).</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Avleinfjellet i Norge 1:50 000 frå 1972, 1973 og 1995, Avleinsfjellet i utgåvene frå 1996 og 2009.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ottar Åbrekk, grunneigar på bruk 85/6 mfl., skriv at Avleifjellet vert brukt utan n i Avlei(n)-.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Avleifjellet. Dei peikar på at namnet Avlei- ikkje har fuge-s i samansetningar, slik namneformer som Avleinsfjellet, Avleinsvika, Avleinssetra og Avleinsstranda i Sentralt stadnamnregister (SSR) kunne tyda på, og at gardsnamnet difor bør skrivast Avlei- utan fuge-s i samansetningar.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 3.</p>
12	512615	<i>Avleinsvika / Avleivika</i>	Avleivika	Vik i sjø	<p><u>Uttale:</u> /a:ˈvlaiˈvi:ka/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling, /a:ˈvlivi:ˈka/ i heradsregisteret (1946).</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Avleinsvika i Norge 1:50 000 frå 2009, Avleivika i økonomisk kartverk frå 1967 og i Fylkesarkivet si namnesamling.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ottar Åbrekk, grunneigar på bruk 85/6 mfl., skriv at Avleivikja vert brukt utan n i Avlei(n)-.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Avleivika, jf. løpenr. 3 og 11.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 3.</p>

13	451666	Avleinssetra / Avleisætra	Avleisætra	Seter/støl	<p><u>Uttale:</u> /a`vlæisɛ:ˈtra/ (/a`vlisɛ:ˈtra/), jf. heradsregisteret (1946).</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Avleisætra i seterlistene frå 1930-åra, Avleinssetra i vedtak frå Kartverket frå 1999, Avleisetra i boka Setrar i Olden og Loen sokn frå 2004.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ottar Åbrekk, grunneigar på bruk 85/6 mfl., skriv at Avleisætra vert brukt utan n i Avlei(n)-.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Avleisætra, jf. løpenr. 3 og 11.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 3 når det gjeld førelekken Avlei-. Etterlekken i namnet får skrivemåten -setra i samsvar med vanleg normeringspraksis for denne namnelekken i Stryn, der lokal, nedervd uttale ligg nær /æ:/. </p>
14	209599	Avleinsstranda / Avleisstranda / Avleistranda	Avleistranda	Strand i sjø	<p><u>Uttale:</u> Ottar Åbrekk, grunneigar på bruk 85/6 mfl., skriv at Avleistranda vert brukt utan n i Avlei(n)-.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Avleinsstranda i Norge 1:50 000 frå 2009, Avleistranda i boka Innvik – ein sparebank gjennom 100 år frå 1981.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ottar Åbrekk, grunneigar på bruk 85/6 mfl., skriv at Avleistranda vert brukt utan n i Avlei(n)-.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Avleistranda, jf. løpenr. 3 og 11.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 3.</p>
15	761175	Avleinausta	Avleinausta	Bygg for jordbruk, fiske og fangst	<p><u>Uttale:</u> /a:vliˈnau:sta/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Avleinausta i økonomisk kartverk frå 1967.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Avleinausta, jf. løpenr. 3 og 11.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 3.</p>
16	1088732	-	Avleiåsen	Ås	<p><u>Uttale:</u> Ottar Åbrekk, grunneigar på bruk 85/6 mfl., skriv at Avleiåsen vert brukt utan n i Avlei(n)-.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Avleiåsen i Stryn historielag sitt årsskrift frå 1998.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Ottar Åbrekk, grunneigar på bruk 85/6 mfl., skriv at Avleiåsen vert brukt utan n i Avlei(n)-.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 3.</p>

17	639289	<i>Bergane</i>	Bergane – i samansetningar: Berge-	Berg	<p><u>Uttale:</u> I Fylkesarkivet si namnesamling står Inste Bergane som namn på den indre delen av denne staden med uttalen /"inste "bærgane/. Avleidde namn på staden har forma Berge- /bærje-/ eller /bæрге-/: Bergenobba /bærje'nOba/, Bergehelleren /bæрге'hiLaren/, Bergemellom /"bæрге,mYLå/ og Bergekråna /bæрге'krå:na/.</p> <p><u>Skriftradisjon:</u> Bergane i økonomisk kartverk frå 1967.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Namnenemnda i Stryn kommune meiner Bergane er rett skrivemåte.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Bergane, og syner me til § 4 i stadnamnlova og til punkta 2 og 4.3 i dei utfyllande reglane.</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten Bergane i samsvar med uttalen er uproblematisk. Avleidde namn i området syner at namnet får uttalen /bærje-/ eller /bæрге-/ i samansetningar, noko som tilseier normeringa Berge-, jf. punkt 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen."</p> <p>Bergane vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn. Namnet får skrivemåten Berge- i samansetningar, jf. punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p>
18	1079561	<i>Bergetunnelen / Berganetunnelen</i>		Tunnel	<p>Fylkeskommunen er vedtaksmynde</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Namnenemnda i Stryn kommune meiner tunnelen bør heita Flotunnelen, og ikkje Bergetunnelen eller Berganetunnelen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår Bergetunnelen, der Berge- får -e- som mellomlekk i samsvar med alle andre avleidde namn i Fylkesarkivet si namnesamling. Dei frårår å leggja gardsnamnet Flo til grunn for tunnelnamnet sidan tunnelen ikkje ligg på garden Flo.</p>

19	253472	Gjerdane / Gjerdene	Gjerde – i samansetningar: Gjerda-	Gard 95	<p><u>Uttale:</u> /jæ`raŋne/, i dativ /jæ`rå/, jf. bokverket Norske Gaardnavne. I bygdeboka bygdeboka Nordfjord fraa gamle dagar til no (1932 og 1974) står det fylgjande: "Namnet er i matriklar vanleg skreve Gjerde; men bygdefolket brukar namnet i fleirtal, bundi form, Gjerane." I seterlistene frå 1930-åra står det òg at uttalen er Gjerane. I Norske Gaardnavne står *Gerði oppført som sannsynleg gamalnorsk form, og det står at forma Gjerdane /jæ`raŋne/ kan vera genitiv flt., jf. former som /te målaŋne/ 'til mål(tid)a', og /te husaŋne/ 'til husa' på s. 9 i boka Norske bygdemaal XII-XVII av Hans Ross.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Gjerdene i 1886- og 1907-matrikkelen, Gjerde i 1950-matrikkelen, Gjærde i gjeldande matrikkel, Gjerde i økonomisk kartverk frå 1967, Gjerdene i Norge 1:50 000 frå 1972, 1973 og 1995, Gjerdane i Norge 1:50 000 frå 1996 og 2009, Gjerane i bygdeboka Nordfjord fraa gamle dagar til no i utgåva frå 1932, Gjerde i utgåva frå 1973. Av eldre skrifttradisjon står fylgjande nemnt i Norske Gaardnavne: Gjorde (1522), Jere (1563), Gierde eller Flotten (1667 og 1723).</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Svein Gjerde, tidl. grunneigar på bruk 95/1, skriv i eit brev saman med nokre andre frå gnr. 95 at dei ynskjer skrivemåten Gjerde. Dei meiner at Gjerdane er eit oppdikta namn, og hevdar at Gjerdane aldri har vore brukt skriftleg, og at det heller ikkje er rett dialektuttale. Dei meiner at gardsnamnet og slektsnamnet er so tett samanknytte at det er feil å splitta dei. Svein Gjerde har lagt ved kopi av eit utskiftingskart frå 1973 og eit skøyte på bruk 95/1 frå 1986 der Gjerde er brukt som skrivemåte av høvesvis gards- og bruksnamnet. Kommunen støttar innspelet om Gjerde. På telefon stadfester noverande eigar Asbjørn Gjerde /jè:`raŋnə/ som lokal dialektuttale, men han meiner at namnet bør stavast Gjerde, sidan det er innarbeidt i skrift.</p>
----	--------	------------------------	--	---------	--

19	253472	Gjerde		Gard 95	<p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tolkar innspelet frå dei som bur på garden slik at gardsnamnet i dag ikkje vert nytta med fleirtalsform, heller ikkje i den munnlege namnetradisjonen. Dei finn det heller ikkje rett å leggja stor vekt på at namnet er notert med fleirtalsform i Norske Gaardnavne (NG). Vidare jamfører dei med at gardsnamnet Floten (gnr. 109) i nærleiken er vedteke med skrivemåten Floten, og der er /flåtaŋne, i dativ /flåtå/, registrert som uttale i NG. Sameleis er det med gardsnamna Mykløy, Dårflot og Dale, som òg har fleirtalsformer i NG. I omtalen av gnr. 109 (tidl. gnr. 29) står det der at "Flertalsformen synes at være kommen i Brug først temmelig sent ved GN. 23, 24 og 25" (no gnr. 103, 104 og 105). Dei konkluderer med å tilrå skrivemåten Gjerde.</p> <p><u>Vurdering:</u> Kartverket deler ikkje Språkrådet si vurdering om at gardsnamnet ikkje er vert brukt i fleirtalsform lokalt, for det er veldokumentert at den nedervde, lokale uttalen er /jæ`raŋne/, og det er ikkje nokon i denne saka som har påstått at den uttaleforma ikkje har ein lokal bruk. Dei har likevel eitt poeng når dei påpeikar at andre gardsnamn i Stryn med endinga -ane i målføret (/aŋne/, i dativ /-å/) er normerte utan denne bøyingsendinga i andre gardsnamn i kommunen. I dei døma dei nemner, Floten, Mykløy, Dårflot og Dale, har ein i staden halde seg til endingane som ein finn att i eldre skriftformer. Som det står i Norske Gaardnavne, kan fleirtalsendinga -ane vera noko som har kome relativt seint, og det kan òg vera grunnen til at dei namneformene ikkje har fått nokon prestisje lokalt, og berre vert rekna som noko dialektalt. (Framh.)</p>
----	--------	--------	--	---------	---

19	253472	Gjærde		Gard 95	<p><u>Vurdering (framh.):</u> Sidan namnet Gjerdane/Gjerde soleis føyer seg inn i eit større mønster for gardsnamn i kommunen, verkar det rimeleg å gjera lik vurdering for dette namnet som det er gjort tidlegare for dei hine tilsvarande gardsnamna. Formene Jere frå 1563 og Gierde frå 1667 og 1723 kan tyda på at namnet hadde e-ending i uttalen den gongen, og namnet følgjer då same mønsteret som Dale /da`laŋŋe/ (gnr. 54), som òg har e-ending i gamle kjelder. Skriftradisjonen for den talemålsnære rettskrivingsforma Gjerdane er ikkje serleg sterk. Skrivemåten vart fyrst teken i offentleg bruk i og med vedtaket i 1996, og skriftradisjonen kan difor ikkje vektast serleg tungt. Når det er eintydige ynske om skrivemåten Gjerde lokalt, som i stor grad har vore brukt lokalt fram til i dag, og den skrivemåten òg truleg har den eldste tradisjonen både skriftleg og munnleg attende i tid, er det tilstrekkeleg grunnlag for å fråvika hovudregelen i § 4 fyrste ledd i lova i denne saka og fastsetja Gjerde som skrivemåte. Uttaleopplysningane syner at gardsnamnet til vanleg har a-samansetning /jè:`ra-/ i uttalen, jf. uttaleformene /jè:`ranibba/, /jè:`ravatnə/ og /jè:`rada:l'n/, og namnet får difor forma Gjerd- i skrift i samansetningar, jf. punkt 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen."</p> <p>Gjerde vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn. Namnet får samansetningsmåten Gjerda-, men med unntaket Gjerd- i Gjerdaksla (sjå løpenr. 25), jf. punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p>
20	(i matr.)	Gjærde	Gjerde	Bruk 95/1	Jf. løpenr. 19.

21	617435	Gjerdanibba / Gjerdanibba	Gjerdanibba	Fjell	<p><u>Uttale:</u> /jæ`rani`bba/, jf. heradsregisteret (1946). Noverande grunneigar på bruk 95/1, Asbjørn Gjerde, opplyser uttalen /jè:`ranibba/ pr. telefon.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Gjerdanibba i Norge 1:50 000 frå 1972, 1973, 1995, 1996 og 2009.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Svein Gjerde, tidl. grunneigar på bruk 95/1, skriv i eit brev saman med nokre andre frå gnr. 95 at dei ynskjer skrivemåten Gjerdanibba.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet peikar på at skrivemåten Gjerde- med e-fuge er tilrådd i høyringsvaret frå dei som bur på garden. Dei skriv vidare at jamvel om det var uttalen med fleirtalsform som var lagd til grunn for dei avleidde namna, trong det likevel ikkje vera slik at avleiingsnamna hadde a-fuge, jf. Gjerdane /"jE:rane/ og Gjerdehalla /jE:re`haLa/ på garden Vinsrygg (gnr. 47) i Stryn. Språkrådet tilrår difor skrivemåten Gjerde- med -e i Gjerdanibba.</p> <p><u>Vurdering:</u> Det er samansetningsmåten i nedervd, lokal uttale for det aktuelle stadnamnet som må leggjast til grunn for normeringa, og samansetningsmåten for namnet Gjerdehalla på garden Vinsrygg har difor ikkje relevans for saka. I punkt 6 i dei utfyllande reglane står det fylgjande: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen."</p> <p>Gjerdanibba vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 i dei utfyllande reglane, jf. løyenr. 19.</p>
----	--------	------------------------------	--------------------	-------	---

22	678435	<i>Gjerdavatnet / Gjerdevatnet</i>	<i>Gjerdavatnet</i>	Tjørn	<p><u>Uttale:</u> Noverande grunneigar på bruk 95/1, Asbjørn Gjerde, opplyser uttalen /jè:ˈravatnə/ pr. telefon.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Gjerdavnt i Norge 1:50 000 frå 1972, 1973 og 1995, Gjerdavatnet i Norge 1:50 000 frå 1996 og 2009.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Svein Gjerde, tidl. grunneigar på bruk 95/1, skriv i eit brev saman med nokre andre frå gnr. 95 at dei ynskjer skrivemåten Gjerdevatnet.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Gjerdevatnet, jf. løpenr. 21.</p> <p><u>Vurdering:</u> Gjerdavatnet vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 i dei utfyllande reglane, jf. løpenr. 19.</p>
23	943194	<i>Gjerdedalen / Gjerdadalen</i>	<i>Gjerdadalen</i>	Dal	<p><u>Uttale:</u> Noverande grunneigar på bruk 95/1, Asbjørn Gjerde, opplyser uttalen /jè:ˈrada:l'n/ pr. telefon.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Gjerdadalen og Gjerdedalen i økonomisk kartverk frå 1967 (to ulike kartblad), Gjerdadalen i boka Nordfjord i tekst og bileder frå 1936.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Gjerdedalen, jf. løpenr. 21.</p> <p><u>Vurdering:</u> Gjerdadalen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 i dei utfyllande reglane, jf. løpenr. 19.</p>

24	33096	<i>Gjerdenausta / Gjerdanausta</i>	<i>Gjerdanausta</i>	Bygg for jordbruk, fiske og fangst	<p><u>Uttale:</u> Ingen opplysningar.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Gjerdenausta i økonomisk kartverk frå 1967, Gjerdanaustet i bygdeboka Nordfjord fraa gamle dagar til no (1974), s. 155.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Svein Gjerde, tidl. grunneigar på bruk 95/1, skriv i eit brev saman med nokre andre frå gnr. 95 at dei ynskjer skrivemåten Gjerdenausta.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Gjerdenausta, jf. løpenr. 21.</p> <p><u>Vurdering:</u> Gjerdanausta vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 i dei utfyllande reglane, jf. løpenr. 19.</p>
----	-------	--	----------------------------	--	--

25	798881	Gjerdaaksla / Gjerdeaksla	Gjerdaksla	Fjell	<p><u>Uttale:</u> /jæ`ra:´ksla/, jf. heradsregisteret (1946). Noverande grunneigar på bruk 95/1, Asbjørn Gjerde, opplyser uttalen /jè:r`aksla/ pr. telefon.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Gierakslen i rektangelmåling frå 1870, Gjerdaaksla i boka Nordfjord i tekst og bileder frå 1936, Gjerdeaksla i Norge 1:50 000 frå 1972, 1973, 1995 og 1996, Gjerdaaksla i Norge 1:50 000 frå 2009.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Svein Gjerde, tidl. grunneigar på bruk 95/1, skriv i eit brev saman med nokre andre frå gnr. 95 at dei ynskjer skrivemåten Gjerdeaksla. På telefon med Kartverket gjev Asbjørn Gjerde, noverande eigar av 95/1, uttrykk for at han ikkje ynskjer skrivemåten Gjerdaaksla med to a-ar etter kvarandre.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Gjerdeaksla, jf. løpenr. 21.</p> <p><u>Vurdering:</u> Uttalen av føreleken Gjerd(a)- i dette namnet er utan fugevokal på grunn av vokalbortfall føre etterfylgjande vokal i -aksla, altså sokalla elisjon. Den same uttalen låg venteleg til grunn for namneforma Gierakslen i rektangelmålinga frå 1870. I punkt 6 i dei utfyllande reglane står det fylgjande: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen." Den lokale dialektuttalen /jæ`ra:´ksla/ gjev soleis grunnlag for å sløyfa samansetnings-a-en her i samsvar med uttalen, jf. løpenr. 1 ovanfor, slik at ein kan koma lokale ynske delvis i møte. Gjerdaksla vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p>

26	253365	Gjerane / Gjerdane	Gjerdane	Bruk 39/4	<p><u>Uttale:</u> /"jæ:rane/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling, /jæ:`ranə/, i dativ /(:n) i jæ:`rå:/, jf. heradsregisteret (1946).</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Jærane i 1950-matrikkelen og i gjeldande matrikkel, Gjerane i økonomisk kartverk frå 1967.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Namnenemnda i Stryn kommune meiner at Gjerdane er rett skrivemåte.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv at det for dette bruksnamnet ser det ut til å vera ein sterk tradisjon for fleirtalsform, både i skriftleg og munnleg samanheng. Dei tilrår difor skrivemåten Gjerdane.</p> <p><u>Vurdering:</u> Det kan ikkje vera nokon tvil om at det er ordet gjerde n. 'hegn, inngjerding' som ligg til grunn for namnet, noko som tilseier at skrivemåten av rota i namnet skal fylgja rettskrivinga, jf. § 1 i forskrift om stadnamn, som fastset at ålment kjende ord skal fylgja gjeldande rettskriving i norsk. Fleirtalsendinga -ane er i motsetnad til på løpenr. 19 uomstridd i namnet på denne staden.</p> <p>Gjerdane vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og § 1 i forskrift om stadnamn.</p>

27	701411	Landsgjerane / Landsgjerdane / Landsgjerdet	Landsgjerd	Nes	<p><u>Uttale:</u> /'lansjæ:rane/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. Bjørg Tunold opplyser uttalen /lan'sjæ:r/ og /lan'sjæ:rə/, på telefon med Kartverket. Rune Skaar opplyser /lans'jæ:rə/, og meiner vokalen til slutt alltid er med. Namnenemnda i Stryn kommune skriv at lokalkjende opplyser Landsgjer som uttalefom.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Landsgjerane i økonomisk kartverk frå 1967, Landsgjerdane i Fylkesarkivet si namnesamling. I aviser er Landskjær ein del brukt.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Namnenemnda i Stryn kommune skriv at lokalkjende meiner at namnet skal skrivast Landsgjer(d) utan -ane, men dei er usikre på om -d skal vera med. Dei legg til at dette er ein gamal lendingsstad for båtar, og at kortaste avstanden over vatnet er frå Veslebygda til Landsgjer.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Landsgjerd, og syner til opplysninga frå kommunen og § 4 i lov om stadnamn.</p> <p><u>Vurdering:</u> Sjå nedanfor.</p>
27	701411	Landskjær		Nes	<p><u>Vurdering:</u> Namnet er stundom skrive Landskjær lokalt, noko som kunne tyda på at etterlekkjen i namnet har vorte tolka som skjær/skjer n. 'bergrygg like over vassyta'. Men det er ikkje noko skjær på staden, noko som tyder på at etterlekkjen heller må vera gjerde n. 'hegn, inngjerding', og det tilseier òg normeringa i økonomisk kartverk og i Fylkesarkivet si namnesamling. Det er påfallande at endinga -ane står oppført i både dei kjeldene, når opplysningane frå lokale kjentfolk elles tyder på at namnet er utan denne endinga. Til liks med Språkrådet legg me i denne saka avgjerande vekt på det lokalkjende har opplyst i samband med denne saka. Det kunne òg tilseia skrivemåten Landsgjerdet med -et, men sidan høyringssvaret lokalt går inn for -gjerd, og dei fleste skriftlege kjeldene òg er utan bøyingsending, lèt me høyringssvaret verta avgjerande i saka. Landsgjerd vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og § 1 i forskrift om stadnamn.</p>

28	313480	Gutdal / Guddal / Gudal	Gutdal	Gard 14	<p><u>Uttale:</u> /gutaliŋ/, i dativ /-la/, jf. bokverket Norske Gaardnavne, /gut'a:len/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling, /gu`t(t)a:'len/, i dativ /gu`tta:'la/, jf. heradsregisteret (1946). I bygdeboka Nordfjord fraa gamle dagar til no i utgåva frå 1932 står det fylgjande: "Bygdefolket segjer Guttalen (bundi form, og med vigti paa andre stavelser)." Vivian Guddal, grunneigar på bruk 14/5, opplyser at dei uttalar namnet Guttalen.</p> <p><u>Skriftradisjon:</u> Gutdalen i 1886- og 1907-matrikkelen, Gudal i 1950-matrikkelen og i gjeldande matrikkel, Gutdal i amtskart frå 1889, 1917, 1939 og 1954 og i Norge 1:50 000 frå 1973, 1995, 1996 og 2007, Gutdalen i bygdeboka Nordfjord fraa gamle dagar til no i utgåva frå 1932, Guddal i utgåva frå 1973.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Edvin Jarle Guddal, grunneigar på bruk 14/2, skriv at namnet Guddal har vore i bruk i over hundre år, og han føreslår difor at namnet får skrivemåten Guddal. Vivian Guddal, grunneigar på bruk 14/2, skriv at det har vore mange ulike skrivemåtar av gardsnamnet gjennom tidene, t.d. Gautdalr i Bergens kalvskinn, Gautdalr, Guddall, Guddale og Guddal frå 1500-talet. Ho ser ikkje nokon grunn til at namnet skal endrast, og ho vil ikkje ha skrivemåten Gudal på bruket sitt. Ho ser ikkje nokon grunn til at namnet skal endrast. Kommunen støttar innspela om Guddal.</p>
----	--------	-------------------------------	---------------	---------	---

28	313480	<i>Gutdalen / Guddalen</i>		Gard 14	<p><u>Tilråding:</u> Språkrådet skriv at skrivemåten Gutdalen i 1907-matrikkelen harmonerer fullt ut med den munnlege gardsnamn-forma som er nytta i lange tider, og den uttalen vert stadfest i det eine høyringssvaret. Dei understrekar at grunnregelen i § 4 i stadnamnlova er at ein skal ta «utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen» og at skrivemåten skal følgja dei gjeldande rettskrivingsprinsippa i norsk. Når det gjeld førelekken, peikar dei på at skrivemåten med t må seiast å liggja nærmast opphavsforma Gautdalr. Når det gjeld endinga -en, syner dei til punkt 2 i dei utfyllande reglane. Dei tilrår difor skrivemåten Gutdalen.</p> <p><u>Vurdering:</u> Gutdal har vore brukt samanhengande i kart frå 1889, medan skrivemåten har veksla mellom Gutdalen og Gudal i matriklane. Skrivemåten Guddal ser helst ut til å ha vore brukt som slektsnamn. Når den nedervde, lokale uttalen er /guttaliŋŋ/ med /tt/, gjev det i liten grad grunnlag for å gå over til ein skrivemåte med -dd-. Namnet skil seg frå namnet Guddal i Fjaler i og med at namnet i Fjaler i mange hundre år har vore både uttalt og skrive med -dd-, slik at den namneforma har talemålsgrunnlag i Fjaler, noko ho ikkje har her. Namnet kjem av gamalnorsk Gautdalr, jf. skriftformene Gautdali frå ca. 1230 og Gautdal frå ca. 1360, so skrivemåten Gutdal- samsvarar òg betre med det etymologiske opphavet til namnet. Ettersom Gutdal i ubunden form har so sterk skrifttradisjon frå gammalt av og fram til i dag, er det rom for å koma lokale ynske delvis i møte og fastsetja endinga -dal utan -en, jf. gardsnamna Nesdal og Hatledal, som òg fylgjer skrifttradisjonen heller enn nedervd uttale når det gjeld bunden/ubunden form. Gutdal vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>
29	(i matr.)	<i>Gudal</i>	<i>Gutdal</i>	Bruk 14/1	Jf. løpenr. 28.
30	(i matr.)	<i>Gudal</i>	<i>Gutdal</i>	Bruk 14/2	Jf. løpenr. 28.
31	(i matr.)	<i>Gudal</i>	<i>Gutdal</i>	Bruk 14/3	Jf. løpenr. 28.
32	(i matr.)	<i>Gudal</i>	<i>Gutdal</i>	Bruk 14/4	Jf. løpenr. 28.
33	(i matr.)	<i>Gudal</i>	<i>Gutdal</i>	Bruk 14/5	Jf. løpenr. 28.
34	(i matr.)	<i>Gudal</i>	<i>Gutdal</i>	Bruk 14/6	Jf. løpenr. 28.

35	(i matr.)	<i>Guddalen</i>	<i>Gutdal</i>	Bruk 14/7	Jf. løpenr. 28.
36	458220	<i>Gutalsberget</i>	<i>Gutdalsberget</i>	Berg	<p><u>Uttale:</u> /gutals'bærje/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Gutalsberget i økonomisk kartverk frå 1985.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Vivian Guddal peikar på at Gutdalsfjellet og Gutalsberget bør skrivast på samme måte.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Gutdalsberget.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 28.</p>
37	435431	<i>Gutdalsfjellet</i>	<i>Gutdalsfjellet</i>	Topp	<p><u>Uttale:</u> Jf. løpenr. 28 og 36.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Gutdalsfjellet i Norge 1:50 000 frå 1973, 1995, 1996 og 2007.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Vivian Guddal peikar på at Gutdalsfjellet og Gutalsberget bør skrivast på samme måte.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Gutdalsfjellet.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 28.</p>

38	556402	Melein / Melei / Mellein	Melein – i samansetningar: Melei-	Gard 89	<p><u>Uttale:</u> /mæ`lei/, jf. bokverket Norske Gaardnavne, /'mE:lai:/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling. I seterlistene frå 1930-åra står det at uttalen er Mælei. Norske Gaardnavne fører opp *Meðalleinar som sannsynleg gamalnorsk namneform, av meðal- 'midt-' og lein f. 'skråning', og namnet har ein merknad om at "man [kan] dog af Udtalen se, at det ikke er en Sammensætning med heimr, men som 2det Led indeholde lein f."</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Mælein i 1886- og 1907-matrikkelen og i seterlistene frå 1930-åra, Meleim i 1950-matrikkelen og i gjeldande matrikkel, Melein i Norge 1:50 000 frå 1972, 1973, 1995, 1996 og 2009, Melein i bygdeboka Nordfjord fraa gamle dagar til no i utgåva frå 1932, Melheim i utgåva frå 1973, Melein i Strynesoga 1 frå 2022. Av eldre skrifttradisjon står fylgjande nemnt i Norske Gaardnavne: i Medallenum (1340 (etter avskrift frå 1588), a Medalhejme (1425), Melleim (1520), Medelenn (1522), Melim (1563), Melleim og Mellom (1603), Mellom (1608), Mellum (1667) og Mælem (1723).</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Grunneigarane på bruk 1–4 skriv i eit felles høyringsssvar at Melheim er brukt som skrivemåte lokalt, og at ein annan skrivemåte er unaturleg for dei. Dei kjenner ikkje til bruk av Melein. I daglegtale kjenner dei til bruk av både Melheim og Melei, men dei meiner Melheim må vera den einaste rette skrivemåten. Kommunen støttar innspela om Melei/Melheim. I brevet der kommunen tok opp namnesak for namnet, opplyser dei at namnenemnda meiner at "n" ikkje skal vera med i samansett form i -lein-namna.</p>
----	--------	--------------------------------	---	---------	--

38	556402	Melheim		Gard 89	<p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Melei, og syner til løpenr. 3 når det gjeld etterlekken -lei/-lein. Sidan førelekken kjem av gamalnorsk Meðal-, som er forenkla til Mel-, peikar dei på at Mel- strengt teke hadde vore ei mogleg normering av førelekken (Mellei), men sidan namnet er innarbeidt med éin l, og to l-ar lett kan føra til feil lese måte, tilrår dei likevel Melei med éin l, jf. gardsnamnet Meland i Oppstryn (av Meðalland), som har tilsvarende forenkling.</p> <p><u>Vurdering:</u> Kartverket deler Språkrådet si vurdering av at skrivemåten med konsonantforenkling (Mell- > Mel-, jf. opphavet Meðal-leinar) bør vidareførast, både fordi det er eintydig innarbeidt i nyare tid, og fordi uttalen av førelekken i dag er med lang vokal i førelekken, noko ein regelrett skrivemåte Mell- ville strida mot. Når det gjeld etterlekken -lein, gjer same vurdering seg gjeldande her som for Avlein (løpenr. 3). Ein skrivemåte -heim er i strid både med det språklege opphavet til namnet og med den nedervde, lokale uttalen, og bruken av denne etterlekken ville tilsløra meiningsinnhaldet i namnet. § 1 fyrste ledd i stadnamnlova fastset at skrivemåten ikkje skal skyggja for meiningsinnhaldet i namnet. Me syner til løpenr. 3 (Avlein) når det gjeld vurderinga av skrivemåtane -lein/-lei usamansett og i samansetningar.</p> <p>Melein vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 1 fyrste ledd og § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn. Namnet får skrivemåten Melei- i samansetningar, jf. punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p>
39	(i matr.)	Meleim	Melein	Bruk 89/1	Jf. løpenr. 38 og 3.
40	(i matr.)	Meleim	Melein	Bruk 89/2	Jf. løpenr. 38 og 3.
41	(i matr.)	Meleim	Melein	Bruk 89/3	Jf. løpenr. 38 og 3.
42	(i matr.)	Meleim	Melein	Bruk 89/4	Jf. løpenr. 38 og 3.

43	495316	<i>Meleinsnibba / Meleinibba</i>	Meleinibba	Topp	<p><u>Uttale:</u> Jf. løpenr. 38 og 44–47.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Meleinsnibba i Norge 1:50 000 frå 1972, 1973, 1995, 1996 og 2009.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår at gardsnamnet på gnr. 89 vert skrive Melei-utan genitivs-s i samansetningar, jf. det dei skriv om namn avleidde av gardsnamnet Avlein (gnr. 85). Dei tilrår difor skrivemåten Meleinibba.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 38 og 3.</p>
44	148629	<i>Meleinssetra / Meleisetra</i>	Meleisetra	Seter/støl	<p><u>Uttale:</u> /mæ:ˈlise:ˈtra/, jf. heradsregisteret frå 1946.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Mæleisetri i seterlistene frå 1930-åra, Mælisetra i boka Seterdrift i Nordfjord frå 1997, Melheimsetra i boka Setrar i Olden og Loen sokn frå 2004, Meleinssetra i Norge 1:50 000 frå 2009.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Meleisetra, jf. løpenr. 38 og 43.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 38 og 3. Etterlekken i namnet får skrivemåten -setra i samsvar med vanleg normeringspraksis for denne namnelekken i Stryn, der lokal, nedervd uttale ligg nær /æ:/.</p>
45	616305	<i>Meleinsvatnet / Meleivatnet</i>	Meleivatnet	Tjørn	<p><u>Uttale:</u> /ˈmE:liˈvatne/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Meleinsvnt i Norge 1:50 000 frå 1972, 1973 og 1995, Meleinsvatnet i Norge 1:50 000 frå 1996 og 2009.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Meleivatnet, jf. løpenr. 38 og 43.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 38 og 3.</p>
46	276556	<i>Melheimselva / Meleielva</i>	Meleielva	Elv	<p><u>Uttale:</u> /ˈmE:lai:,Elva/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling, "/mæ:ˈlieˈlva/, også /bryˈŋŋæstaeˈlva/ (ell. /tvęˈrreˈlva/)", jf. heradsregisteret (1946).</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Melheimselva i økonomisk kartverk frå 1967.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Meleielva, jf. løpenr. 38 og 43.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 38 og 3.</p>

47	33561	Melheimsdalen / Meleidalen	Meleidalen	Dal	<p><u>Uttale:</u> /'mE:lai:,da:len/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling, /mæ:'lida:'len/, jf. heradsregisteret (1946).</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Melheimsdalen i økonomisk kartverk frå 1967.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Meleidalen, jf. løpenr. 38 og 43.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 38 og 3.</p>

48	678034/1	Nos	Nos – i samansetningar: Nosa-	Gard 171	<p><u>Uttale:</u> /nås (nøs)/, jf. bokverket Norske Gaardnavne, /'nO:s/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling, /nò:s/, jf. heradsregisteret (1947).</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Nos i 1886- og 1907-, 1950-matrikkelen og i gjeldande matrikkel, Nos i Norge 1:50 000 frå 1974, 1995 og 2009, Nos i bygdeboka Nordfjord fraa gamle dagar til no i utgåvene frå 1932 og 1973.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Namnenemnda i Stryn kommune skriv at dei meiner Nos er rett skrivemåte.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet peikar på at uttaleformene som er førde opp i NG er «nås» og «nøs», og at den siste forma er skriven i parentes, venteleg for å få fram at uttalen med å er mest brukt. Dei meiner det ikkje kan vera tvil om at det er hokjønnsordet nos som ligg til grunn for namnet, og at ordet her må vera nytta samanliknande om ein framstikkande fjellformasjon. Dei tilrår at namnet vert skrive Nos.</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten Nos av gardsnamnet har ein eintydig skrifttradisjon, og er uproblematisk. Uttalen av o-en er ein mellomvokal som i stryнемålet ligg mellom /å:/ og /ø:/. Namnesaka vart teken opp for å avklara rett samansetningsmåte når namnet står som førelekk i samansette namn, der Nosa- er brukt i dei fleste namn, medan namnet på tunnelen hittil har vore skrive Nostunnelen. Uttaleopplysningane for tradisjonelle samansette namn ser eintydig ut til å vera med a-fuge, jf. løpenr. 50–52, og det tilseier at denne skrivemåten vert nytta i alle namn samansette med dette gardsnamnet, medrekna tunnelnamnet. Nos vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 1 fyrste ledd og § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn. Namnet får skrivemåten Nosa- i samansetningar, jf. punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p>
49	(i matr.)	Nos	Nos	Bruk 171/1	

50	579260/1	Nosafjellet	Nosafjellet	Fjell	<p><u>Uttale:</u> /nO:sa'fjELe/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling, /nò:`safje'ljə/, i dativ -a, jf. heradsregisteret (1947 og 1974).</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Nosafjellet i økonomisk kartverk frå 1967.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Nosafjellet med a-fuge, og peikar på nettsida Fylkesatlas, der finst det fleire namn avleidde av gardsnamnet som er registrerte med a-fuge.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 48.</p>
51	33273/1	Nosanaustet	Nosanaustet	Vik i sjø	<p><u>Uttale:</u> /nO:sa'nau:ste/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Nosanaustet i økonomisk kartverk frå 1967.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Nosanaustet</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 48.</p>
52	131028/1	Nosatrynet	Nosatrynet	Berg	<p><u>Uttale:</u> /nO:sa'try:ne/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling, /nò:`satry:'nə/, i dativ -a, jf. heradsregisteret (1947 og 1974).</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Nosatrynet i økonomisk kartverk frå 1967.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Nosatrynet.</p> <p><u>Vurdering:</u> Jf. løpenr. 48.</p>
53	397279/1	Nostunnelen / Nosatunnelen		Tunnel	<p>Fylkeskommunen er vedtaksmynde</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Namnenemnda i Stryn kommune skriv at dei meiner Nosatunnelen er rett skrivemåte.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Nosatunellen.</p>

54	518359	Skibergsfjellet / Skibergfjellet / Skibergfjell Skibergsfjella	Skibergsfjellet	Fjell	<p><u>Uttale:</u> /'sKi:bærs,fjELe/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling, /skj'berfsje'ljə/, jf. heradsregisteret (1946).</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Skibergsfjellet i økonomisk kartverk frå 1967, Skibergfjell og Skibergfjellet i Stryn Historielag sitt Årsskrift 1997, Skibergsfjella i Årsskrift 2004, Skibergsfjellet i Årsskrift 2008.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Namnenemnda i Stryn kommune skriv at dei meiner Skibergsfjellet er rett skrivemåte.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Skibergsfjellet med fuge-s.</p> <p><u>Vurdering:</u> Både uttaleopplysningane støttar skrivemåten namnenemnda og Språkrådet går inn for, og som er brukt i kart frå før. Namnelekkjen berg får s-fuge elles òg i trelekkssamansettingar i Stryn, og namnet føyer seg soleis inn i det vanlege mønsteret for stadnamn i kommunen.</p> <p>Skibergsfjellet vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p>
55	1080193	Skibergstunnelen / Skibergsfjelltunnelen		Tunnel	<p>Fylkeskommunen er vedtaksmynde</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Namnenemnda i Stryn kommune skriv at dei meiner Skibergstunnelen er rett skrivemåte.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Skibergstunellen. Dei skriv at det ikkje er registrert noko namn med forma Skiberget korkje i SSR eller på sida Fylkesatlas, men at det er rimeleg å tru at den namneforma har vore nytta tidlegare. Dei støttar difor kommunen sitt framlegg om å ikkje ta med namnelekkjen -fjell- i det avleidde tunnelnamnet.</p>

56	883304	<i>Sundeelva / Sundselva</i>	Sundselva	Elv, nord for Storesunde (gnr. 69)	<p><u>Uttale:</u> /'søndsElva/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Sundeelva i økonomisk kartverk frå 1967.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Namnenemnda i Stryn kommune skriv at dei meiner Sundselva er rett skrivemåte.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Sundselva.</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten Sunds- med s-samansetning er i samsvar med uttalen og dermed i tråd med punkt 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen." Sundselva vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p>
57	738193	<i>Sundsдалen</i>	Sundsдалen	Dal, nord for Storesunde (gnr. 69)	<p><u>Uttale:</u> /sø'nsda:len/, jf. heradsregisteret (1946).</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Sundsdalen i Norge 1:50 000 frå 1972, 1973, 1995, 1996 og 2009.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Sundsdalen.</p> <p><u>Vurdering:</u> Sundsdalen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p>
58	701237	<i>Sundshamrane</i>	Sundshamrane	Berg, ved Mindresunde (gnr. 39)	<p><u>Uttale:</u> /'sunshamrane/, jf. Fylkesarkivet si namnesamling.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Sundshamrane i økonomisk kartverk frå 1967.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Sundshamrane.</p> <p><u>Vurdering:</u> Sundshamrane vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p>

59	253318	<i>Sundshyrna</i>	Sundshyrna	Fjell, sørvest for Mindresunde (gnr. 39)	<p><u>Uttale:</u> /mi`ŋŋəsø`nshy`ŋŋa/ eller /mi`ddakshy`ŋŋa/, jf. heradsregisteret (1946). Rune Skaar opplyser på telefon med Kartverket at han har hørt uttalen /søns`hyŋŋa/.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Mindre-Sunde Nibben i rektangelmåling frå 1869, Sundshyrna i Norge 1:50 000 frå 1972, 1973, 1995, 1996 og 2009.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Sundshyrna.</p> <p><u>Vurdering:</u> Sundshyrna er venteleg ei kortforma av Mindresundshyrna. Sidan me ikkje har haldepunkt for at Mindresundshyrna er brukt i dag, er det mest naturleg å vidareføra den namneforma som har vore brukt i kart dei siste femti åra, og som me har fått stadfest lokalt. Skrivemåten Sundsamsvarar med uttalen og dei andre Sunds-namna i det same området. Sundshyrna vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn og punkt 6 i dei utfyllande reglane.</p>
----	--------	-------------------	-------------------	--	--